



ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352
Silje Elvatun Sikveland, 5764 3136

Uttale til dispensasjon - Alver 316/1 - breiddeutviding av fylkesveg

Vi viser til brev frå kommunen datert 10.02.2023. Saka gjeld søknad om breiddeutviding av eksisterande fylkesveg. Det er vist 7 tiltak på situasjonskart.

Største del av tiltak ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplan for Meland er sett av til LNF. Tiltak nr.7 ligg til dels innanfor reguleringsplan Kv.1133 Myrvollane til Hestdal (plan-id: 125620180003) og er definert som LNFR og til dels «annan veggrunn».

Det er søkt dispensasjon frå arealføremål LNF i kommunedelplan og reguleringsplan, samt for byggegrense mot vassdrag fastsett i kommunedelplan føresegn 1.6.1.


Stasforvaltaren sine merknader

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensert ifrå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Fleire av tiltaka ligg nært vassdrag, og tiltaka ligg innanfor sikringssone H190_1 for Rylandsvassdraget, som er gitt varig vern som del av *Verneplan V for verna vassdrag i Noreg*.

Vi minner om plikt til å unngå forureining i § 7 i [forureiningslova](#). Det må ikkje førekomme avrenning til vassdraget, og det må utarbeidast ein plan for tiltak, om det er fare for avrenning av finpartiklar eller anna, i samband med utføring av tiltak.

Det ser ut som tiltaka vil føre til terrenginngrep i form av skjeringar og fyllingar. Det er ikkje opplyst om prosjektet vil generer overskotsmassar og i kva omfang. Massehandtering skal vere i tråd med avfallspyramiden. Kommunen må vurdere å stille krav om ein massehandteringsplan. Det må også vurderast korleis tiltaka vil påverke landskapet.



Stasforvaltaren ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesø
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN